



Rettleiing for Mening – DKS

Elevane i klassen har delteke på det same DKS-besøket, men opplevinga deira kan vere ulik. Verktøyet Mening – DKS er ei digital støtte for vurdering og refleksjon over kunst og kultur. Gjennom å ta verktøyet i bruk bidreg skulen til elevmedverknad i DKS.

Det tek ca. 10 minutt for klassen å gjennomføre trinn 1-3 av forløpet. Først arbeider elevane individuelt med mål om å vurdere DKS-opplevinga og grunngi sine meiningar. Neste del handlar om å dele eigne meiningar og lytte til andres.

► **Trinn 1 – Elevane opnar verktøyet individuelt på dei digitale einingane sine**

Lærar opnar lenkje tilsend frå kulturkontakt. Første side er ei infoside for lærarar. Klikk vidare til elevanes påloggingsside og vis den for elevane.

- Nettbrett: Elevane loggar seg på gjennom å skanne QR-kode.
- Datamaskin: Elevane skriv mening.dks.no i nettlesar og tastar inn 8-sifret talkode.

► **Trinn 2 – Elevane svarer på spørsmål individuelt**

Verktøyet består av spørsmål med svaralternativ. Spørsmåla er utforma slik at elevane beskriv og vurderer DKS-besøket, og grunngir eigne val og reflekterer over desse. Vurderingane består i at elevane markerer på ein blink i kva grad DKS-opplevinga trefte dei, og dessutan at dei tek stilling til om dei likte eller ikkje likte det. Ungdomssteget tek òg stilling til om dei vil tilrå det vidare.

Grunngivingane dei kan velje mellom handlar om personleg relevans, samfunnrelevans og kvaliteten på utføringa. Til slutt skal dei rangerane eigne grunngivingar med utgangspunkt i kva som var viktigast for dei i deira vurdering.

► **Trinn 3 – Elevane deler sine meiningar i par**

Siste oppgåve i verktøyet er å fortelje i par kva ein har svart og kvifor. Ingen svar er rette eller galne, og diskusjon om kunst er ei moglegheit til å øve på å dele eigne meiningar og respektere andres. Elevane blir ferdige på ulike tidspunkt og lærar kan gi beskjed om kven dei skal gjere siste oppgåve saman med.

► **Trinn 4 – Lærarstyrt oppsummering i plenum**

Ein lærarstyrt diskusjon i plenum kan gi fruktbar meningsbrytning i klasserommet og bidra til at elevane utviklar munnleg kompetanse gjennom å beskrive eiga oppleving og uttrykkje eigne meiningar i møte med kunst og kultur. Elevane kan dele kva dei la merke til og kva som overraska dei. De kan undersøkje tematikken for DKS-besøket i fellesskap. Elevane kan òg dele kvar i blinken dei sette pila og grunngi kvifor.

Bakgrunn

Elevane får meir utbytte av eit DKS-besøk gjennom etterarbeid. Verktøyet er utvikla i samarbeid med Institutt for pedagogikk ved Universitetet i Oslo for å styrkje vurderingskompetansen til elevane og leggje til rette for refleksjon i møte med kunst og kultur.



Tips til lærar

Nokre av omgrepa og spørsmåla i verktøyet kan verke uvande for elevane. Dei kan brukast som utgangspunkt for klasseromsdiskusjonar.

- ▶ Informer elevane før DKS-besøket om at dei i etterkant skal svare på spørsmål og vurdere opplevinga.
- ▶ Elevane blir spurde om tema var interessant. Kva var tema? Kva betyr det at eit tema er samfunnsrelevant?
- ▶ Elevane på mellomtrinnet blir spurde om å velje ein farge for å beskrive opplevinga. Kan fargar uttrykkje litt meir, noko anna enn ord?
- ▶ Elevane blir spurde om dei opplevde noko nytt. Korleis var denne DKS-opplevinga samanlikna med tidlegare opplevingar og elevane sine egne referansar?
- ▶ Oppleving er eit sentralt omgrep i verktøyet. Det kan vere nyttig å reflektere over at opplevinga er subjektiv sjølv om klassen har delteke på det same.
- ▶ Eit av spørsmåla er om det var bra laget. I grunngivingane kan elevane mellom anna framheve ideen, dyktigheita til utøvarane og om det verka engasjerande og ekte. Dette er moglege utgangspunkt for å analysere DKS-opplevinga eller skrive ei melding.
- ▶ Elevar på ungdomssteget blir spurde om å dei vil tilrå DKS-besøket til andre. Det er eit utgangspunkt for å snakke om smak og preferansar. Sjølv om ein liker/ ikkje liker noko sjølv, kan andre ha ulike synspunkt.
- ▶ Elevane skal lage ei rangering der dei plasserer den grunngivinga som var viktigast for dei øvst. Kvifor kan det vere vanskeleg å lage rangeringar eller svar på tilsynelatande enkle spørsmål som «Likte du DKS-besøket?».

Kjekt å vite

Kvar skule får ei ny og unik lenkje til verktøyet når DKS kjem på besøk. Kulturkontakten vidaresender lenkja til lærer.

Spørsmåla og svaralternativa i verktøyet er utforma slik at elevane ikkje kan dele personavslørande opplysningar og sikrar at alle svar er anonyme. Svara samlast og blir tilgjengeleggjorde som statistikk for DKS og Kulturtanken.

Svaret til elevane gir DKS innsikt i opplevinga og vurderingane til elevane. Medverknaden til elevane bidreg i arbeidet med å gjere DKS-tilbodet relevant i skulen.



Sjekkliste for Meining – DKS

Meining – DKS er eit digitalt verktøy for refleksjon og vurdering av kunst- og kulturopplevingar. Det fremjar elevmedverknad og tek ca.10 minutt å gjennomføre trinn 1–3.

▶ **Trinn 1 – Individuell pålogging**

Elevane opnar verktøyet på nettbrett (QR-kode) eller PC (mening.dks.no + 8-sifret kode). Lærar viser påloggingssida via lenkje frå kulturkontakt.

▶ **Trinn 2 – Individuelle svar**

Elevane svarer på spørsmål om DKS-besøket: kva dei likte, kvifor, og korleis det treffe dei. Dei vel og rangerer grunngivingar som personleg relevans, samfunnsrelevans og kvalitet.

▶ **Trinn 3 – Deling i par**

Elevane diskuterer svara sine med ein partner. Samtalen byggjer på ei oppsummering av deira eigne svar.

▶ **Trinn 4 – Oppsummering i plenum**

Læraren leier ein klassesamtale der elevane deler opplevingar, overraskingar og refleksjonar.